



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Vår ref:

Sak: 23/879 JpID: 23/17362 Sbh: EMY

Dykkar ref.

Vedtaksdato:

08.05.2023

Vedtak om mindre endring av reguleringsplan for nytt busstopp ved Lote

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, vert mindre endring i reguleringsplanen for nytt busstopp ved Lote godkjent.

Vedtaket kan påklagast, jf. lov om behandlingssaker i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf. forvaltningslova § 29.


Klage kan framsettast til Stad kommune per brev eller på e-post til: post@stad.kommune.no

Søksmål om lovlegheita av vedtaket eller erstatning som følgje av vedtaket kan ikkje fremjast utan at høvet til å klage er nytta og ikkje før klaga er avgjort av Statsforvaltaren i Vestland. Eit søksmål kan likevel alltid fremjast når det har gått 6 månadar sidan klage først vart fremja, om ikkje klageinstansen har fatta vedtak i saka.

Saksutgreiing

Statens vegvesen har søkt om ei mindre vesentleg endring av reguleringsplan *Detaljregulering for nytt busstopp ved Lote* med PlanID 2020001.

Omsøkte endring gjeld eit areal på om lag 0,45 daa, fordelt på gnr./bnr. 140/1, 140/3, 140/22. 140/26 m.fl. Endringa medfører ei utviding av vedteken plan samt forskyving av arealformål.



Arealplankart - Eksisterande



Arealplankart - Etter endring

Bakgrunnen for søknaden er å leggje til rette for betre siktforhold og trafikktryggleik som vart avdekkja i prosjekteringsfasen etter vedteken plan. Til den opphavlege søknaden vart det opplyst om følgjande endringar:

1. *Tilkomstveg/kommunalt kryss frå bustadar på sørsida av E39 er flytta om lag 12 meter lenger mot aust(ferjekai).
Tilkomstveg frå bustadhus (140/3) blir forlenga bort til kommunal veg.
På austsida av tilkomstveg/kommunalt kryss vil ein prosjektere natursteinsmur for å redusere inngrep på dyrka mark(fotball-løkke).*
2. *Busslomme vil bli flytta lengre mot aust for å skape betre sikt bakover (mot vest) frå buss som står på busslomme.
Frå busslomme til kommunal veg vil det bli prosjektert brei skulder.
Langs med busslomme vil det også bli prosjektert natursteinsmur.
Det er regulert inn rekkverksrom på sørsida av E39 mellom avkøyrslle til gnr 140/8 og til tilkomstveg/kommunalt kryss.*
3. *Eksisterande lokalveg som ligg utanfor tidlegare regulert areal vil bli opprusta som tilkomstveg til bustadar bnr 140/3 og 140/14.
Opprustinga vil vere å planere og gruse opp igjen den vegbreidda som er der pr i dag.*
4. *Ihht. område nemnt i pkt. 1 reknar me med at dette arealet heller ikkje inneheld arkeologiske funn.*
5. *Ihht område nemnt i pkt. 1 reknar me med at dette arealet heller ikkje viser spesielle geotekniske problemstillingar. Det er utført 4 grunnboringar aust for dagens avkøyrslle.*

Det er gjort følgjande mindre endringar i føresegnene:

§1: Dato for revisjon av reguleringskart lagt til, 26.04.2023

§3: Lagt til nytt formål f_SKV, Køyreveg.

§3: Teke bort formålet o_SP, Leskur/plattformtak.

§5: Teke bort omsynssoner, Sikringsssoner, H140_Frisikt.

§6: Endra dato frå 01.01.2031 til 01.01.2034.

Revidert plankart og føresegner følgjer som vedlegg til saka.

Innkomne uttaler ved avgrensa høyring

Søknaden vart 29.03.2023 sendt på ei avgrensa høyring til aktuelle offentlege høyringsinstansar samt grunneigarar i området, med frist til 21.04.2023 for å komme med uttale.

Grunna feil ved utsending av høyringsbrev til Lote småbåthamn, vart dette ettersendt per e-post den 19.04.2023, med utvida frist til 03.05.2023.

Stad kommune har motteke uttale frå Statens vegvesen (Transport vest, transportforvaltning), Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Statsforvaltaren i Vestland.

Statens vegvesen (Transport vest, transportforvaltning) opplyser 12.04.2023 at:

«Vi viser til brev frå Stad kommune som ber om vår uttale til mindre endring av detaljreguleringsplan for nytt busstopp langs E39 på Lote i Stad kommune. Bakgrunnen for søknaden er å leggje til rette for betre siktforhald og trafikktryggleik som vart avdekka i prosjekteringsfasen etter vedteken plan.

Uttale frå Statens vegvesen

Vi er positive til utviding av planområdet, og har ikkje merknader til endringa som er til avgrensa høyring.»

Norges Vassdrags- og energidirektorat opplyser 13.04.2023 at:

«Vi viser til brev datert 19.03.2023.

NVE Har ikkje merknad til skisserte endringar i reguleringsplanen»

Statsforvaltaren i Vestland opplyser 28.04.2023 at:

«Statsforvaltaren gir ikkje fråsegn i saka.»


Stad kommune tek innspela til vitande.

Vurderingar

Høve til overordna plan

Delar av område er avsett til BA53 (bygningar og anlegg) og LNFR (naudsynte tiltak) som arealformål i overordna plan, der BA53 er eksisterande byggeområde med krav om reguleringsplan. Det er ikkje utarbeidd noko reguleringsplan for BA53 utover *Detaljregulering for busstopp på Lote (planID 2020001)*. Den delen av endringa som ligg innanfor BA53 vil såleis vere i tråd med overordna plan. Kva gjeld den delen av endringa som ligg innanfor LNFR vil det delvis vere i strid med overordna plan, ved at noko av landbruksjorda vil takast i bruk til avkøyrsløse. Stad kommune vurderer det likevel til å utgjere eit mindre areal i tillegg til det som allereie går med i vedteken plan. Kommunen som planmynde vurderer avviket til å vere så lite at ein ikkje treng utarbeide konsekvensutgreiing og planprogram.

På bakgrunn av desse vurderingane meiner Stad kommune at endring av plan vil vere i tråd med overordna plan, og/eller ikkje setje omsyna til arealformåla i overordna plan til side.



Kartutsnitt: Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027, Eid.

Handsaming etter pbl. § 12-14 andre ledd

Søknaden skal handsamast etter pbl. § 12-14 andre ledd. Kommunedirektøren sitt mynde etter plan- og bygningsloven er delegert slik at søknad om mindre endringar i reguleringsplan, jf. § 12-14 andre ledd, kan handsamast administrativt.

Ei endring er mindre når endringane i «*liten grad vil påvirke gjennomføringa av planen for øvrig, ikke går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder*», jf. pbl. § 12-14 andre ledd. Kvart enkelt kriterium vert greia ut nedanfor:

- Endringane i planen i liten grad vil påvirke gjennomføringa av planen elles
Planen er ikkje iverksett, og omsøkte endring vil ha positiv innverknad på gjennomføringa av planen ved at ein får betre løysningar for trafikktryggleiken enn det som ligg inne i vedteken plan.
- Ikkje går utover hovudrammene i planen
Endring av plan medfører berre ei utviding og forskyving av eksisterande arealformål, og går såleis ikkje utover hovudrammene i planen.
- Ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde
Stad kommune som planmynde meiner at endringa av plan for tilrettelegging og oppgradering av eksisterande veg i strandsona ikkje rår omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Vegen vert ikkje flytta særleg, og medfører heller ikkje vesentlege terrenginngrep i strandsona. Strandsona vil framstå som tilnærma uendra etter gjennomføring av plan.

Endringa skjer på bakgrunn av ei samfunnsnyttig vurdering, då dagens avkøyrslar til europavegen ikkje har tilstrekkeleg tryggleik. Opprusting av eksisterande veg til småbåthamn er naudsynt for tilrettelegging av tilkomst til gnr./bnr. 140/14 og vil bidra til å auke trafikktryggleiken langs E39, ved at ein kan redusere tal avkøyrslar i tråd med vegnormalen *N100 Veg- og gateutforming*.

Oppsummering – konklusjon

Som greia ut vil endringane i liten grad ha verknad på gjennomføringa av planen for øvrig, går ikkje utover hovudrammene i planen og rår ikkje med omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Aktuelle offentlege høyringsinstansar og grunneigarar som vert råka av endringane har hatt moglegheit til å uttale seg i saka, jf. pbl. § 12-14 tredje ledd, og det ligg ikkje føre noko fråsegn som er av ein slik karakter at det kan oppfattast som motsegn.

Etter ei samla vurdering er Stad kommune av den oppfatning at søknaden kan handsamast etter pbl. § 12-14 andre ledd, som ei mindre endring av reguleringsplan.

Med venleg helsing

Svein Arne Tennebø Fure
einingsleiar plan og forvaltning

Eirin Victoria Myklebust
planleggar plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve) Statens vegvesen v/ Geir Johan Aase Statens vegvesen v/ Sonja Irene Rosenlid Fjellkårstad	Postboks 5091 Majorstua	0301	Oslo
Statsforvaltaren I Vestland Vestland Fylkeskommune	Njøsavegen 2 Postboks 7900	6863 5020	Leikanger Bergen

Vedlegg

REGULERINGSFØRESEGNER, revidert 08.05.2023	1581361	08.05.2023
LAY_R E39 Busslomme Lote, regendring 26.04.23	1581362	08.05.2023
Mindre endring av plan - Detaljregulering for nytt busstopp ved Lote - E39 Busslomme - Avgrensa høyring (1)	1581363	08.05.2023
Uttalar motteke ved avgrensa høyring - Detaljregulering for nytt busstopp ved Lote - Mindre endring	1581364	08.05.2023